



Sak: 25/3351
JournalpostID: 26/39645
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 28.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.09.2026

Førebuande arbeid knytt til samferdselsstrategi - del 2

Bakgrunn for saka:

Region Fjordane starta mot slutten av 2025 arbeidet med å utvikle eit felles Samferdselsløft for Fjordane. Målet er å etablere eit strategisk grunnlag for korleis regionen kan arbeide meir samla og målretta med viktige samferdselsprosjekt.

I første del av arbeidet har hovudvekta vore på nasjonale vegprosjekt og prosjekt knytte til Nasjonal transportplan. Neste steg er å rette merksemda mot det regionale vegnettet og fylkesvegane.

Som inngang til dette arbeidet er det viktig at regionrådet får kjennskap til kva prosjekt og behov kommunane har innanfor dei ulike kategoriane på fylkesvegnettet. Ei slik kartlegging vil gi eit felles kunnskapsgrunnlag før ein seinare drøftar prioriteringar, regionrådet si rolle og korleis Region Fjordane skal arbeide inn mot fylkeskommunale prosessar. I denne saka vert det lagt opp til kommunepresentasjonar.

Framlegg til vedtak:

Regionrådet tek saka til vitande og ber om at innspel frå møte vert teke med i det vidare arbeidet.

Saksopplysningar:

I workshop 3. desember drøfta regionrådet behovet for eit meir samla og strategisk samarbeid om samferdsel i Fjordane. Eit gjennomgåande budskap var at kommunane har mange viktige prosjekt, men at regionen vil stå sterkare dersom ein i større grad klarer å sjå desse i samanheng og samle seg om overordna mål og rammer.

Fleire peika på at den enkelte kommunen framleis må ha ansvar for å arbeide med eigne prosjekt, medan Region Fjordane bør konsentrere innsatsen om saker der ein samla regional stemme kan gi større gjennomslag. Det vart også understreka at ein bør unngå å gå for langt ned i detalj og prosjektprioriteringar, men heller rette merksemda mot dei strategiske rammene, systema og prosessane som påverkar utviklinga av samferdsla i regionen.

Eit viktig prinsipp frå drøftinga var behovet for å unne kvarandre framdrift. Fjordane omfattar eit stort geografisk område med ulike behov, og eit felles samferdselsarbeid føreset forståing for at ikkje alle prosjekt kan realiserast samstundes. Ei samla regional tilnærming kan samtidig bidra til å synleggjere korleis vegnettet, bu- og arbeidsmarknadene og transportbehova heng saman på tvers av kommunegrensene.

Med bakgrunn i innspela frå workshopen vert neste steg å få ei samla oversikt over kommunane sine viktigaste behov og prosjekt på fylkesvegnettet. Dette skal gi regionrådet eit betre grunnlag for å drøfte kva utfordringar som er felles for regionen, og kva Region Fjordane bør arbeide vidare med på strategisk nivå.

Rammer og prioriteringssystem for fylkesvegane

Kommunane sine presentasjonar vil gi regionrådet ei oversikt over aktuelle behov og prosjekt på fylkesvegnettet. For å kunne arbeide strategisk vidare med desse, er det også nødvendig å få betre kunnskap om korleis Vestland fylkeskommune prioriterer mellom ulike tiltak og kva økonomiske og administrative rammer dei ulike prosjekta inngår i.

Fylkesvegprosjekta vert handterte gjennom ulike kategoriar og finansieringsordningar. Mellom anna gjeld dette store investeringsprosjekt, strekningsvise tiltak, skredsikring, mindre utbetringar og trafikktryggleik, gang- og sykkeltiltak, bru og kai, planlegging og ulike former for spleiselag.

For nokre av kategoriane er prioriteringsprosessane og rammene relativt tydelege, medan det for andre er behov for meir kunnskap om korleis prosjekt kjem inn, kven som prioriterer, kva kriterium som vert lagde til grunn, kor store økonomiske rammer som er tilgjengelege og når i prosessen det er mogleg å påverke.

I det vidare arbeidet med Samferdselsløftet -del 2, bør målet bør vere å få fram ei enkel oversikt som for kvar relevant kategori:

- Store investeringsprosjekt
- Strekningsvise tiltak
- Skredsikring
- Mindre utbetringar / trafikktryggleik
- Gang- og sykkeltiltak
- Bru og kai
- Planlegging
- Spleiselag

Neste steg vil vere å få betre oversikt over rammene og prioriteringssystemet til Vestland fylkeskommune. Prosjekta inngår i ulike kategoriar og økonomiske rammer, og det er behov for betre kunnskap om kva kriterium som ligg til grunn for prioriteringane, korleis prosjekt kjem inn i dei ulike ordningane, og når og kvar det er mogleg å påverke.

Når dette er kartlagt, kan kommunane sine prosjekt sjåast i samanheng med dei aktuelle prioriteringsløpa. Det vil gi eit betre grunnlag for å avklare kva kommunen sjølv må følgje opp, kva Region Fjordane kan bidra med, og kvar ein samla regional innsats kan gi større gjennomslag.

Dette vil igjen danne grunnlag for den strategiske delen av Samferdselsløft for Fjordane. Målet er ikkje nødvendigvis å etablere ei felles rangert liste over alle fylkesvegprosjekta, men å utvikle ei felles forståing av korleis regionen kan arbeide strategisk for å løfte fram viktige prosjekt og bidra til framdrift innanfor dei fylkeskommunale prioriteringssystema.